

Samanfall mellom 2. og 3.E.T.NOT.SEL. i gamalnorsk

Utsyn:

- I norderlandsk vik den opphavlege endinga *-ip* i 3.et.not.sel. for endinga i 2.et.
- Mange målgranskarar har slege på at det er ljodlege grunnar for dette skiftet.
- Eg skal syna at dette framslaget er rangt.
- Eg legg fram ei utgreiing som byggjer på ordbøyning, der 2.et. kjem i staden for 3.et. so at ein fær fram eit skil mellom 3.et. og 2.mt.

1 Inngang

- (1) I vanlege sterke segnord erver frumnordværsk eit skil mellom 2. og 3.et.not.sel.gjer., som me ser i aust- og vestnordværsk:

- (2) ENDINGAR I NOT.SEL.GJER.

	Gotsk	Ght.	Glt.	Glf.	Gfr.	Geng.
2.et.	<i>-is</i>	<i>-is</i>	<i>-is</i>	<i>-is</i>	<i>-est</i>	<i>-is</i>
3.et.	<i>-ip</i>	<i>-it</i>	<i>-id</i>	<i>-it</i>	<i>-ith</i>	<i>-ið</i>

- (3) I norderlandsk er dei to endingane like:

	Gamalnorsk	Gamaldansk	Gamalsvensk	Gamalgotlandsksk
2.et.	<i>-r</i>			
3.et.	<i>-r</i>	<i>-ær</i>	<i>-er</i>	<i>-r</i>

- (5) Det er mest full semje i målkunnebøkene at endinga i 2.et. er komen i staden for den opphavlege endinga i 3.et. (Holthausen 1895, Noreen 1923, Jónsson 1925, Heusler 1932, Krause 1948, 1971, Iversen 1972, Antonsen 1975, Hanssen o.a. 1975, Haugen 1982, Schulte 2018).

- (6) Utskiftinga 2.et. → 3.et. er mykje uventa.
- (7) 3.et. er det mest tidgjengde skapet i bøyninga (Greenberg 1966, Bybee 1985), og tidgjengde skap har for vis å koma i staden for fåtide skap:
- (8) ‘Når det gjeld meir tidgjengde og mindre tidgjengde skap, t.d. [...] dei i tredje mann – dei i andre menn, [...] då vert dei fyrste sette i staden for dei siste oftare enn tvert om’ (Mańczak 1978, 1980 – omsett).
- (9) At utskiftinga er gjengen hin vegen i norderlandsk, har ‘freista skjønsemada hjå fem eller seks ættleider med målgranskurar’ (Dilts 1980 – omsett).
- (10) Den vanlege utgreiinga av dette samanfallet byggjer på den ljodlege voksteren av endinga i 3.et.
- (11) Eg skal syna at denne utgreiinga er lytefull, og skal i staden leggja fram ein greinad som byggjer på bøyninga.
- (12) Frå no viser eg berre til *gamalnorsk* i staden for norderlandsk, og nemninga tel med den gamalislandske avgreininga.

2 Endingane i 2./3.et. i frumnorderlandsk og gamalnorsk

- (13) Den gamalnorske endinga *-r* i 2./3.et. kjem frå ei eldre ending *-R*, kjend frå runeinnskrifter (t.d. N 2, DR 192, SÖ 131, Gustavson o.a. 1983), og som i si tid kjem frå ei endå eldre ending *-iR* (Ög 136).
- (14) Den opphavlege endinga i 3.et. er stadfest eitt sinn i frumnorderlandsk *-ib* (DR 357, KJ 96).
- (15) Den nye endinga *-(i)R* i 3.et. kjem fram i innskrifter frå Søraust-Sverige og Nordvest-Noreg i andre halva av 6-talet (DR 360, KJ 97, NIÆR 55, KJ 101).

	Frumnorderlandsk	Gamalnorsk
2.et.	* <i>-iR</i>	
3.et.	<i>-ib</i>	

$\Rightarrow \quad -iR > -R > -r$

3 Gisset om skiplande jamning

- (17) Etter lange stavingar fell sjølvljoden i den opphavlege endinga *-ib* i 3.et. bort.

- (18) Endinga $*-þ$ kjem då innåt endeljoden i segnordsrota.
- (19) Etter sjølvljodar og dei fleste medljodane skulle $*-þ$ gjeva gamalnorsk $*-ð$.
- (20) Etter dei gnikande tannljodane $*-þ$ og $*-ð$ hadde endinga $*-þ$ jamna seg med medljoden og vorte $*-d$, og etter den stengde framgomljoden $*-t$ vorte utjamna til $*-t$.
- (21) Etter medljodsamband som endar med ein stengd framgomljod $*-t$ eller $*-d$, fell endinga $*-þ$ bort og gjev ei tom ending $*-\emptyset$ i gamalnorsk.

(22) TOKKA UTKOMER I 3.ET.

Frumnorderlandsk	Gamalnorsk
$*drīb-ip$	$> *drīb-þ$
$*stīg-ip$	$> *stīg-þ$
$*līp-ip$	$> *līp-þ$
$*rīd-ip$	$> *rīð-þ$
$*bīt-ip$	$> *bīt-þ$
$*brest-ip$	$> *brest-þ$
$*bind-ip$	$> *bind-þ$
	$> *dríf-ð$
	$> *stíg-ð$
	$> *líd-d$
	$> *ríd-d$
	$> *bít-t$
	$> *brest-∅$
	$> *bind-∅$

- (23) Den ljodrette utkoma av den opphavlege endinga i 3.et. hadde vore eit ljodbunde skifte mellom $*-ð$, $*-d$, $*-t$, og $*-\emptyset$.
- (24) Mange granskarar har teke dette endingsskiftet, om so skulle henda, for grunnen til at 3.et. vart utskift med 2.et. (Sommerfelt 1924, 1959, Seip 1971, Hilmarsson 1980, Nielsen 2000, Bjorvand 2010, Fulk 2018, Schulte 2018).
- (25) Dei tokka jamna skapa i 3.et. vert haldne for ‘ugreie’ på eikor vis, men det vert ikkje ordlagt kvi eller korso dei er ugreie.
- (26) Unntaket er Hilmarsson (1980), som held føre at utjamna skap i 3.et. som $*rídd$ frå $ríða$ hadde vore ‘ukjennelege’.
- (27) Gisset er at talarane ikkje hadde greitt å knyta saman $*-ð$, $*-d$, $*-t$ og $*-\emptyset$ til avbrigde av same grunndeilda $*-ð$, og at dei difor skifte henne ut med den meir gjennomsynlege endinga i 2.et.
- (28) Det kan ikkje vera rett, for radt det same endingsskiftet finst annanstad i målet, og dette endingsskiftet er frævt.

3.1 Førtid av linne segnord

- (29) Gamalnorsk lagar førtid og førtidarlagord av linne segnord med eit førtidarfeste -ð.
- (30) I tredje flokken med linne segnord kjem festet -ð rett på segnordsrota av di ein sjølvljod -i- som kom imellom, har dotte bort.
- (31) Førtidarfestet -ð har radt det same skiftet mellom -ð, -d, -t og -Ø som skulle vera ‘ukjenneleg’ i notid:

(32) SEGNORD MED FØRTIDARFESTET -ð

Nemneskap	3.et.ført.sel.	Førtl.
<i>fylg-ja</i>	<i>fylg-ð-i</i>	<i>fylg-ð</i>
<i>før-a</i>	<i>før-ð-i</i>	<i>før-ð</i>
<i>erf-a</i>	<i>erf-ð-i</i>	<i>erf-ð</i>
<i>dóm-a</i>	<i>dóm-ð-i</i>	<i>dóm-ð</i>
<i>fóð-a</i>	<i>fóð-d-i</i>	<i>fóð-d</i>
<i>mót-a</i>	<i>mót-t-i</i>	<i>mót-t</i>
<i>fest-a</i>	<i>fest-Ø-i</i>	<i>fest-Ø</i>
<i>send-a</i>	<i>send-Ø-i</i>	<i>send-Ø</i>

- (33) Same endingsskiftet kjem fram i seinare lånord (de Vries 1962), og det syner at skiftet var både frævt og gjennomsynleg:

(34) LÅNORD MED FØRTIDARFESTET -ð

Nemneskap	3.et.ført.sel.	Førtl.
<i>tær-a</i>	<i>tær-ð-i</i>	<i>tær-ð</i>
<i>snæð-a</i>	<i>snæd-d-i</i>	<i>snæd-d</i>
<i>být-a</i>	<i>být-t-i</i>	<i>být-t</i>
<i>pynd-a</i>	<i>pynd-Ø-i</i>	<i>pynd-Ø</i>

3.2 Andre etterfeste

- (35) Det finst fleire etterfeste i gamalnorsk med ein opptaksljod -ð-.
- (36) Dei syner same venta skiftet mellom -ð, -d, -t og -Ø.
- (37) Sjå heimesida mi <https://sverrestausland.github.io/> med eit lengre stønadssblad om desse etterfesta (Stausland 2024).

3.3 Mellomdom

- (38) Det er mange etterfeste i gamalnorsk med ein gnikande opptaksljod -ð-.
- (39) Dei er alle vanlege og fræve, og dei syner eit fast og venta skifte mellom -ð-, -d-, -t- og -Ø-.
- (40) Dette skiftet var fullt gjennomsynleg for gamalnorske talarar, og dei hadde ingen vanskar med å kjenna dei att eller hava dei frævt i nye ord.
- (41) Det er inkje som er merke på at den ljodrette utkoma av den opphavlege endinga -ip i 3.et. hadde vore ugrei for talarane.
- (42) Det ventelege endingsskiftet i 3.et. kan ikkje vera grunnen til at ho kom bort og veik for endinga i 2.et.

4 Ei utgreiing tyft på bøyning

- (43) Det er ingen ljodleg grunn til skapjamnen mellom endingane i 2. og 3.et. i gamalnorsk.
- (44) Me turvte sjå på stoda den opphavlege endinga -ip i 3.et. hadde i høve til hine bøyingsendingane i segnorda.
- (45) I vanlege sterke segnord var 3.et. og 2.mt.not.sel.gjer. fullike i frumnordværsk.
- (46) Det er endelykta av ljodrette brigde (Krahe 1969):

(47) ENDINGAR I NOT.SEL.GJER.

	Gotsk	Ght.	Glf.
2.et.	-is	-is	-is
3.et.	-ip	-it	-it
2.mt.			

- (48) Frumnorderlandsk erver denne skapjamnen (Krause 1971):

(49) ENDINGAR I NOT.SEL. I FRUMNORDERLANDSK OG GAMALNORSK

	Sterke s.		Flokk 1		Flokk 2		Flokk 3		Flokk 4	
	Fno.	Gno.	Fno.	Gno.	Fno.	Gno.	Fno.	Gno.	Fno.	Gno.
2.et.	*-iR	-r	*-ōR	-ar	*-iR	-r	*-īR	-ir	*-ēR	-ir
3.et.	-ip	-r	*-ōp	-ar	*-ip	-r	*-īp	-ir	*-ēp	-ir
2.mt.	*-ip	-ið	*-ōp	-ið	*-ip	-ið	*-īp	-ið	*-ēp	-ið

(50) Denne skapjamnen finst inkje utanføre notid segnelag:

(51) ENDINGAR I NOT.VOL. I FRUMNORDERLANDSK OG GAMALNORSK

Sterke s.		Flokk 1		Flokk 2		Flokk 3		Flokk 4		
Fno.	Gno.	Fno.	Gno.	Fno.	Gno.	Fno.	Gno.	Fno.	Gno.	
2.et.	*-ēR	-ir	*-ōR	-ir	*-jēR	-ir	*-ijēR	-ir	*-ēR	-ir
3.et.	*-ē	-i	*-ō	-i	*-jē	-i	*-ijē	-i	*-ē	-i
2.mt.	*-ēþ	-ið	*-ōþ	-ið	*-jēþ	-ið	*-ijēþ	-ið	*-ēþ	-ið

(52) FØRTIDARENDINGAR I FRUMNO. OG GNO.

Sterke segnord				Linne segnord				
Segnelag		Vonelag		Segnelag		Vonelag		
Fno.	Gno.	Fno.	Gno.	Fno.	Gno.	Fno.	Gno.	
2.et.	*-t	-t	*-īR	-ir	*-dēR	-ðir	*-dīR	-ðir
3.et.	-∅	-∅	*-ī	-i	-dē	-ði	*-dī	-ði
2.mt.	*-up	-uð	*-īþ	-ið	*-dup	-ðuð	*-dīþ	-ðið

(53) Haldt dei tre siste tavlene saman!

(54) Når endingane i 3.et. og 2.mt. var like i frumnorderlandsk, då dett den opphavlege endinga i 3.et. bort *støtt* og vert utskift med endinga i 2.et. i gamalnorsk.

(55) Når endingane i 3.et. og 2.mt. var ulike i frumnorderlandsk, vert både haldne og vert verande ulike i gamalnorsk, og endinga i 3.et. vert *aldri* utskift med endinga i 2.et.

(56) Det er ingen unntak til denne ålmenngjeringa, og det er ulikleg å vera på ein hitt.

(57) Utgangen er at 3.et. og 2.mt. vert haldne kvar frå anna i gamalnorsk, med den kostnaden at skilet mellom 2. og 3.et. somtid fell bort.

(58) Det er likende til at talarane tykte likskapen mellom 3.et. og 2.mt. var ‘meinsleg’ nog til at det valda ein framstøyt til å skilja dei to endingane.

(59) Denne ‘løysinga’ på ugreia førte til at ein ny likskap kom opp i staden: 2.et. = 3.et.

(60) Det peikar på at skapjamnen i 2. og 3.et. syntest ‘mindre ugrei’ for talarane enn den opphavlege skapjamnen mellom 3.et. og 2.mt.

(61) Både skapjamnane stryk ut skilnaden mellom andre og tredje mann, men den eine gjer det innanføre eit tal (eintal), og hin gjer det over to tal (eintal og mangtal).

- (62) Det kan synast som mål heller har skapjamne *innanføre* talgreiner enn *over* talgreiner.
- (63) Kuryłowicz (1945): Om eit segnordsskap vert åmenngjort i bøyninga, hender det innanføre og ikkje over talgreiner.
- (64) Han tek denne åmenngjeringa for ei framsyning av den femte jamlagingsloga:
- (65) ‘Til å skipa til att eit skil som har mykje på seg, gjev målet opp eit skil som har lite på seg’ (omsett).
- (66) Å skilja mellom segnordsskap over talgreiner ‘veg tyngre’ enn å skilja mellom segnordsskap innanføre ei talgrein.
- (67) Frumnorderlandske talarar gav opp skilet mellom 2. og 3.et. (‘som har lite på seg’) so mykje dei kunne skipa eit skil mellom 3.et. og 2.mt. (‘som har mykje på seg’).

5 Utgang

- (68) I norderlandsk vert den opphavlege endinga *-ip* i 3.et.not.sel. utskift med endinga **-(i)_R* frå 2.et.
- (69) Dei fleste målgranskarane byggjer på at det er ljodlege grunnar til denne utskiftinga.
- (70) Det kan ikkje vera rett.
- (71) Den opphavlege endinga i 3.et. vik for 2.et. berre i notid segnelag.
- (72) Notid segnelag er òg einaste greina der den opphavlege endinga i 3.et. var lik 2.mt.
- (73) Når 3.et. var ulik 2.mt., vert den opphavlege endinga i 3.et. halden.
- (74) Eg slær på at talarane skifte ut endinga i 3.et. med 2.et. so mykje dei kunne skipa til eit skil mellom 3.et. og 2.mt.
- (75) Det synest vera ei ålmenn grunnsetning at å skilja mellom segnordsskap over tal (eintal og mangtal) har meir på seg enn å skilja mellom segnordsskap innanføre tal.

Mál nemnестyttingar

ET	eintal
FØRT	førtid
FØRTL	førtidarlagord
GJER	gjerande
MT	mangtal
NOT	notid
SEL	segnelag
VOL	vonelag

Tilvisingar

- Antonsen, Elmer H. (1975). *A concise grammar of the older runic inscriptions*. Sprachstrukturen. Reihe A: Historische Sprachstrukturen 3. Tübingen: Max Niemeyer.
- Bjorvand, Harald (2010). Om utviklingen av det norrøne sterke presens. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 28(2): 173–192.
- Bybee, Joan L. (1985). *Morphology. A study of the relation between meaning and form*. Typological studies in language 9. Amsterdam: John Benjamins.
- Dilts, Michael R. (1980). Extension versus convergence in the North Germanic verb. *American Indian and Indo-European studies. Papers in Honor of Madison S. Beeler*. Kathryn Klar, Margaret Langdon & Shirley Silver styrde. Trends in linguistics. Studies and monographs 16. The Hague: Mouton, 299–313.
- DR = Jacobsen, Lis & Erik Moltke (1941–42). *Danmarks runeindskrifter*. Under medvirkning af Anders Bæksted og Karl Martin Nielsen. København: Ejnar Munkgaards forlag.
- Fulk, R. D. (2018). *A comparative grammar of the early Germanic languages*. Studies in Germanic linguistics 3. Amsterdam: John Benjamins.
- Greenberg, Joseph (1966). *Language universals. With special reference to feature hierarchies*. Janua linguarum. Studia memoriae Nicolai van Wijk dedicata. Series minor 59. The Hague: Mouton & Co.
- Gustavson, Helmer, Thorgunn Snædal Brink & Jan Paul Strid (1983). Runfynd 1982. *Fornvännen* 78: 224–243.
- Hanssen, Eskil, Else Mundal & Kåre Skadberg (1975). *Norrøn grammatikk. Lydlære, formlære og syntaks i historisk framstilling*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, Einar (1982). *Scandinavian language structures. A comparative historical survey*. The Nordic series 10. Minneapolis, MN: University of Minnesota Press.
- Heusler, Andreas (1932). *Altisländisches Elementarbuch*. 3. utg. Heidelberg: Carl Winters Universitätsbuchhandlung.
- Hilmarsson, Jörundar (1980). Um þriðju persónu eintölu í norrænu. *Íslenskt mál* 2: 149–160.
- Holthausen, Ferd. (1895). *Lehrbuch der altisländischen Sprache*. Band 1: *Altisländisches Elementarbuch*. Weimar: Emil Felber.
- Iversen, Ragnvald (1972). *Norrøn grammatikk*. 7. utg. Revidert ved E. F. Halvorsen. Aschehoug.
- Jónsson, Finnur (1925). *Grammatik for det islandske oldspørg*. København: G. E. C. Gads forlag.
- KJ = Krause, Wolfgang (1966). *Die Runeninschriften im älteren Futhark*. Abhandlungen der Akademie der Wissenschaften in Göttingen. Philologisch-historische Klasse. Dritte Folge 65. Mit Beiträgen von Herbert Jankuhn. Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht.
- Krahe, Hans (1969). *Germanische Sprachwissenschaft*. 7. utg. 3 band. Sammlung Göschen 2232–2234. Bearbeitet von Dr. Wolfgang Meid. Berlin: Walter de Gruyter.
- Krause, Wolfgang (1948). *Abriss der altwestnordischen Grammatik*. Sammlung kurzer Grammatiken germanischen Dialekte. C. Abrisse 7. Halle (Saale): Max Niemeyer.
- . (1971). *Die Sprache der urnordischen Runeninschriften*. Germanische Bibliothek. Dritte Reihe. Untersuchungen und Einzeldarstellungen. Heidelberg: Carl Winter.
- Kuryłowicz, Jerzy (1945). La nature des procès dits «analogiques». *Acta Linguistica* 5: 15–37.
- Mańczak, Witold (1978). Les lois du développement analogique. *Linguistics* 205: 53–60.

- Mańczak, Witold (1980). Laws of analogy. *Historical morphology*. Jacek Fisiak styrde. Trends in linguistics. Studies and monographs 17. The Hague: Mouton, 283–288.
- N = Olsen, Magnus (1941–1990). *Norges innskrifter med de yngre runer*. Med hjælp i forarbeider av Sophus Bugge, Oluf Rygh og Ingvald Undset. 6 band. Norges Indskrifter indtil reformationen. Anden afdeling. Utgitt for Kjeldeskriftfondet. Oslo: Jacob Dybwad.
- Nielsen, Hans Frede (2000). *The early Runic language of Scandinavia. Studies in Germanic dialect geography*. Indogermanische Bibliothek: Reihe 1. Heidelberg: Universitätsverlag C. Winter.
- NIÆR = Bugge, Sophus (1891–1924). *Norges Indskrifter med de ældre Runer*. 3 band. Norges Indskrifter indtil Reformationen. Første Afdeling. Udgivne for Det norske historiske Kildeskriktfond. Christiania: A. W. Brøggers Bogtrykkeri.
- Noreen, Adolf (1923). *Altnordische grammatis*. Band 1: *Altisländische und altnorwegische grammatis (laut- und flexionslehre)*. Unter berücksichtigung des urnordischen. 4. utg. Sammlung kurzer Grammatiken germanischer Dialekte 4. Halle (Saale): Max Niemeyer.
- Schulte, Michael (2018). *Urnordisch. Eine Einführung*. Wiener Studien zur Skandinavistik 26. Wien: Praesens.
- Seip, Didrik Arup (1971). *Norwegische Sprachgeschichte*. Grundriß der germanischen Philologie 19. Bearbeitet und erweitert von Laurits Saltveit. Berlin: Walter de Gruyter.
- Sommerfelt, Alf (1924). Sur la forme de la troisième personne du singulier présent de l'indicatif en vieux-scandinave. *Festskrift tillägnad Hugo Pipping. På hans sextioårsdag den 5 november 1924*. Skrifter utgivna av Svenska litteratursällskapet i Finland 175. Helsingfors, 512–513.
- . (1959). Sur la forme de la troisième personne du singulier présent indicatif en vieux scandinave. *Mélanges de linguistique et de philologie. Fernand Mossé in memoriam*. Paris: Didier, 437–439.
- Stausland, Sverre (2024). *Merger of 2. and 3.SG.PRES.IND. in Old Norse*. Old English og Old Norse Symposium. Oslo.
- Sö = Brate, Erik & Elias Wessén (1924–36). *Sveriges runinskrifter*. Band 3: *Södermanlands runinskrifter*. Stockholm: Kungl. vitterhets historie och antikvitets akademien.
- de Vries, Jan (1962). *Altnordisches etymologisches Wörterbuch*. 2. utg. Leiden: E. J. Brill.
- Ög = Brate, Erik (1911). *Sveriges runinskrifter*. Band 2: *Östergötlands runinskrifter*. Stockholm: Kungl. vitterhets historie och antikvitets akademien.